

## Verknaden av unionen med Danmark på det norske bondestande.

De kjenner alle det paradokse som J. E. Sars forma syne sitt på norsk historie i: For di Noreg frå fyrsten var det mest aristokratiske av dei tre norderlanda, vart det til slutt det mest demokratiske.

Det saklege innhalde i dette paradokse var den tanken at det sterke aristokratie som rådde i Noreg i den elste historiske tida, kom til å ligge i vegen for at eit nytt aristokrati fekk vekse fram i fylgje med rikskongedöme, — ein kongeleg tenesteadel i staden for den gamle fylkes-adelen. Og dermed vart det betre vokstervilkår for eit fritt norskt bondestand.

Når ein no visste at det hörte med til dette syne på norsk historie, at skorten på ein frisk og rik kongeleg tenesteadel var hovud-årsaka til at Noreg kunde misse det politiske sjölvstende sitt, så dansk og tysk adel kunde få høve til å fløyme inn over lande, — da måtte ein vel uvilkårleg kome til å spørje om det i sanning kunde bli så gode vokstervilkår for det norske bondestande at slik ein flaum av framande adelsmenn fylte lande; for desse framande førte vel helst med seg ein enda sterkare kuings-vilje mot böndene enn dei heimlege adelsmennene hadde, og for böndene kunde det vel ingen skilnad gjere om den nye adelen sette fast bu i lande eller berre kom her og tok alle dei inntektene dei kunde få, og så flutte bort att med vinningen.

Men enda vektigare er det saklege innkaste at den nye tenesteadelen som Sars meinte ikkje fekk rom til å vekse

fram i Noreg, den finn vi røynda i full blöming i lande på den tida han meinte at den norske adelen var i utdöying, — i 13de og 14de hd.-åre. Og innflyttar-adelen som kom etter, tok endefram arven etter denne nye kongelege adelen.

Vi kan difor ikkje lenger tru på den forklaringa Sars gav på framvoksteren for det frie norske bondestande. Vi blir nöydde til å söke ei anna forklaring.

Sars var da likevel den fyrste som såg det store og vande probléme som her låg före. For dei eldre historiegranskarane, dei som gikk ut ifrå at det elste norske samfunde var eit fritt og demokratisk bondesamfund, — for dem var det ikkje noko så kravsamt spørsmål koss slikt eit bondesamfund kunne halde oppe styrken til å vinne all makta i ei ny demokratisk tid. Men Sars såg at det i mange viktige stykke var ein heil nyvokster som gikk for seg med bonde-reisinga i nytida, og dermed peikte han på eit nytt problém, eit grunnspørsmål, i norsk historie.

Når vi no jamnast er lite huga på å godkjenne det svare han gav på dette spørsmåle, så skal vi ikkje glöyme at Sars dessuta var den fyrste som tok til med ei alvorleg ettergransking om sjölve dei vilkåra dei norske böndene levde i gjennom dei hundreåra da dei la grunnen til den nye makta si i samfundslive. Det var granskingar som han la fram i avhandlingar i Nordisk Universitets-Tidsskrift 1858 og 1861 om »Norge under Foreningen med Danmark»<sup>1</sup>. I røynda var det helst berre 17de og 18de hd.-åre desse granskingane kom noko djupt ned i. Men dei førte opp i dagen mange viktige hovuddrag i norsk bondehistorie.

No er det ikkje tanken min her å ta opp til dröfting heile spørsmåle om opp- og nedgangen i det norske bondesamfunde. Eg har för freista greie ut kva det var som etter mitt syn var dei store drivmaktene til å klemme böndene ned i 16de og 17de hd.-åre og til å löfte dem opp i større og større fridom i 18de og 19de<sup>2</sup>. Eg trur det var ökonono-

<sup>1</sup> Samlede Værker III s. 71—165.

<sup>2</sup> Sjå særleg boka mi »Norsk bondereising», Oslo 1926, og avhandlinga »Bonde mot borgar i nynorsk historie», i Hist. Tidsskr. 5. R. I 29—85 (1911).

miske vilkår som i hovudsaka avgjorde desse skiftingane. Men vi torer vel ikkje enda seie at vi har full kunnskap om alle ting i denne tilgangen; det er mange spørsmål som framleis treng til ny ettergransking. Og det spørsmåle som eg no her vil seie nokre ord om, det er eitt som heng rett nøye i hop med grunnproblème nett slik som Sars forma det. Det er spørsmåle om kva verknad det kunde ha på vilkår og vokster for det norske bondestande, at Noreg kom i union med Danmark.

Det kan ofte være farleg, når ein tek føre seg ein stor historisk vokster, å skilje ut ein einskild led i tilgangen og så freiste finne kva no den særskilt har hatt å seie for det nye som laga seg til. Når ein såleis vil kløyve ut ei av årsaksmaktene i det historiske live, kan ein lett bli driven inn i det uhistoriske spørsmåle: koss vilde det ha gått om dette eine vilkåre ikkje hadde vore med? Allting i eit samfund hører i hop, og ein kan ikkje tenke seg ein einskild ting borte, uta alt det andre òg hadde vore annleis.

I norsk historie var unionen med Danmark ei naudsynt medfylgje med andre faktorar i stats- og samfundslive; han var eit resultat av makter som enda lenger fram var i arbeid og forma voksteren, og da må ein være svært var med å peike ut det som sjölve unionen var årsak til. På den andre sida greip denne unionen så djupt inn i mange vilkår i Noreg, så vi kan ikkje la være å rekne med han som ei makt i norsk historie. Og dette gjeld ikkje berre for politisk vokster, men for samfunds- og åndsliv òg. Difor er det vèl verdt å spørje etter kva merke unionen med Danmark kan ha sett i den viktige parten av det norske samfunde som bondestande var.

Skal ein kunne kome til bonns i dette spørsmåle, må ein ha det klart føre seg kva innhald ein vil legge i dette omgripe »unionen med Danmark». Vi kan ikkje med den berre tenke på at Noreg og Danmark hadde vorte sambundne under *ein* konge. For i det minste frå 1536 var unionen noko mykje meir enn berre eit samkongedöme. Frå den tida må vi tale om eit dansk herredöme over Noreg, på den

måten at Noreg hadde ikkje lenger noko sjølvstendig riksorgan innalands, men måtte ta imot order og pålegg frå ei regjering i Danmark. I forma var det kongen her — såleis den herren som var konge av Noreg òg — som gjorde allslags styringsvedtak for Noreg. Men kongen er alltid eit organ for visse samfundsmakter i rike sitt. Og det er heilt klart at den kongen som i 1536—37 tok styringa over Noreg, var eit organ for adelen i Danmark og dei slesvig-holstenske hertogdöma. Dette fekk si tydelege form i det faktum at kongen jamvel i norske saker heldt seg til det danske riksråde sitt, meå Noreg slett ikkje lenger fekk ha noko særskilt riksråd, ja ikkje var representert i noko sams riksråd heller. Gjennom riksråde var det da den danske adelen som hadde norsk statsmakt i sine hender.

Eg har nyleg freista ettervise <sup>1</sup> at når den danske adelen i 1536 var så stri på å legge Noreg under Danmark, så var det fyrst og fremst for di han vilde ha fritt tilgjenge til alle lena i Noreg. Det er mogleg at ein kan være ueinig med meg i denne tanken, — enda eg nokk trur at innkasta bygger mest på formelle synsmåtar og ikkje fær tak i realiteten bak formene. Men i det minste kan visseleg ingen være ueinig i at det danske velde over Noreg sterkast av alt var kjenneleg i at dei norske lena frå no vart gjevne over til danske adelsmenn. Den danske adelen hadde alt i hundre år halde på med å trenge seg inn i dei norske lena; men norsk lov hadde stått og stengt, så det for det meste berre var på omvegar — med inngifting — at danskane kunde kome inn. Frå 1536 fall alle stengsler; dansk adel fekk heimstadrett i Noreg, og kunde ta alle dei lena han hadde hug på.

Dette kunde no få fylgjer for böndene òg. Dei framande adelsmennene som kom ifrå land med eit meir ufritt bondestand, vilde lett ta med seg hardare maktkrav enn dei norske adelsmennene var vande med. Den fyrste »bondeplagaren» vi hörer om i norsk historie, var da òg ein utlending, den tyske futen Herman Moltek i Borgasysla, venteleg innkomen

---

<sup>1</sup> Hist. Tidsskr. (norsk) b. 30, s. 1—18 og 206—219 (1934).

her ifrå Sverige, — klagene imot han er ifrå åra 1424—25<sup>1</sup>. Men samstundes klaga böndene i Vestfold og på futen sin, og han var da utvilsamt ein ekte nordmann, anten det no var sjölve herr Endrid Erlandsson frå Losna eller ein av tenarane hans<sup>2</sup>. Visseleg hører vi så at ålmugesreiseinga i 1436 fyrst og fremst vendte seg imot »utlenske valdsmenn», danske futar; men det vart da likevel gjort skilnad på dem òg, — det fans bland dem både namngjevne og unamngjevne som fór »med skjelligheit» og difor kunde bli tålt<sup>3</sup>. Og frå dei næraste åra straks etter har vi meldingar om dråp på både norskfødde og framande hövedsmenner<sup>4</sup>. Så dei norske adelsmennene lærte i det minste tidleg nokk å suge ut böndene. Lengste tida på 1400-tale stod tevlinga om makta i lande mellom holstenarane Hartvig og Henrik Krummedike på den eine sida og halvsvensken Alv Knutsson med sönene Odd og Knut på den andre sida, og var det nokon skilnad på desse karane i tilhöve til böndene, så var nokk dei mest »nasjonale» av dem, herr Alv og sönene hans, dei som var hardast med böndene<sup>5</sup>.

Når vi da utigjennom 1500-tale möter slike danske bondeplagarar i Noreg som Erik Munk på Nedenes og Ludvig Munk i Trondheim, så har vi ingen rett til å tenke oss at norske lénsmenner hadde vore likare. Det var sjölve vilkåra i tida som skapte slik framferd; unionen med Danmark kan ikkje ta skulda for det.

Det at danske adelsmenner trengte ut dei norske i lensstyringa, det kunde likevel på anna vis — på ein omveg — få verknad for det norske bondestande. For spørsmåle blir: kvar vart det av den norske adelen?

Sars vilde no helst ikkje tale om norsk adel på den tida. Men han såg likevel klart at dei ættene som måtte bli rekna for ei overklasse i det norske samfunde, fekk to

<sup>1</sup> Koht, Norsk bondereising, s. 26—28.

<sup>2</sup> Ogmund Halldorsson var fut for herr Endrid på Tunsbergshus 1422, DN. I 490.

<sup>3</sup> Koht, Norsk bondereising, s. 29—31.

<sup>4</sup> Sst. s. 35—36, 55.

<sup>5</sup> Sst. s. 55—58.

slags lagnad. Dei finaste og rikaste ættene — dei som vi vilde kalle hög-adelen — hadde døydd ut i mannslinene alt före 1536, og godse deira gikk i arv til danske adelsmenn<sup>1</sup>. I lag med standsbrør i sjölve Danmark var det desse inn-gifte adelsmennene som fekk lena i Noreg under seg.

Den einaste norske ætta som Sars vilde rekne med i hög-adelen og som heldt seg oppe i manns-lina enda i hundre år etter 1536, var ætta Galle, og vi ser at menner av den fekk være med å ha len og styringsmakt i Noreg heile tida; det hendte jamvel i nokre år at ein Galle sat med eit hovud-len (Christoffer Galle i Trondheim 1546—52). Men så må vi legge attåt at desse Gallane alt på förehand hadde teke til å gifte seg inn i den danske adelen, fekk gods i Danmark og gjorde seg til danskar, så dei gjorde i røynda ikkje noko skar i det danske herredöme over lena.

Reint annleis gikk det med den norske låg-adelen: han døydde slett ikkje ut; men så fekk han ikkje være med i lensstyringa heller, i det minste ikkje noko nemnande. I dei fyrste tjuge åra etter 1536, under kong Christian III, kan ein finne ei snau halv sneis med norske adelsmenn som fekk part i dei norske lena, og ein og annan elles kom med i lensstyringa sia òg, — den siste var vel Laurits Galtung frå Hardang som fekk Lista len i 1658<sup>2</sup>. Men elles vart den norske låg-adelen fylgjestrengt sett utafør all styrings-makt i heile unionstida, og dermed miste han den viktigaste retten som skulde gjere han til adel. Da den norske adelen i 1648 gav inn söknad om privilegia sine, fans det berre nokre få mann av norsk ætt mellom underskrivarane; det var Laurits Galtung, Thrond Theiste og tre mann av ætta Handingmand<sup>3</sup>. Den store mengda av heimlege norske låg-adels-ætter hadde vorte skuva ut or det som i sanning kunde bli kalla adel. Dei hadde nokk framleis greie på det adelege opphave sitt; men dei hadde inga særlege adels-rettar, og

<sup>1</sup> Sars, Samlede Værker, III 199—201.

<sup>2</sup> NRR. XII 131, 149—50, 160—61.

<sup>3</sup> NRR. IX 130.

så seig dei tilbake i dei bonde-vilkåra som dei frå fyrsten hadde stige opp or.

Det kan være sant nokk som Sars seier<sup>1</sup>, at desse adels-ættene som såleis vart til bönder, ikkje synte noka evne til å reise ein norsk nasjonal opposisjon. Men dermed er ikkje alt sagt om dei merke dei kunde sette etter seg i norsk historie. For dei måtte da kome til å føre ny styrke inn i det norske bondestande.

Visseleg hörer vi om at somme av adels-ættene armas reint ut og tyntes bort. Bispen Niels Dorph fortel i ei oppskrift om adelen i Akershus bispedöme i 1749<sup>2</sup>, at den siste Handingmand hadde döydd for nokre år sia på ein husmannsplass på Ringsaker og late etter seg kona si, ei bonde-dotter, »udi yderste armod», og at det i Tune på Östfold levde nokre fatige bönder som hadde »degenereret fra deres Adelige Extraction» av ætta Bagge. Men han visste dessuta om mange norske storbönder i Gudbrandsdalen, på Hedmark og Romerike, som ættas ifrå adel<sup>3</sup>. Erik Pontoppidan fortalde samstunda om bönder av adels-ætt i Trøndelag<sup>4</sup>. Frå Sogn meldte futen Harberg i 1754 at dei som enda levde att der av adels-ættene Benkestok og Blystak var »gemene Bönder, saa at deres Stammenavn er ganske öde»<sup>5</sup>. Og for det meste torer vi nok seie at lågadels-ættene heldt seg i live som vanlege gode odelsbönder rundt ikring i lande. Vi kan peike ut slike ætter som Gjæsling, Bratt, List og Munk i Gudbrandsdalen, Hornes-ætta på Östfold, Theiste på Lista, Galtung i Hardang, Skak, Soop, Holk og Blystak i Sogn, og enda fleire, — ætter med sete både på Austland og Vestland.

Når vi minnes at det var eit hovudspørsmål for framvoksteren i det norske bondestande, om det kunde halde oppe odels-eiga si til jorda i lande og heller auke jordeiga

<sup>1</sup> Saml. Værker III s. 203.

<sup>2</sup> Magazin til den Danske Adels Hist. I s. 46 og 47.

<sup>3</sup> S. st. s. 43—51.

<sup>4</sup> Norges naturlige Historie II s. 460.

<sup>5</sup> Personalhist. Tidsskr. 2. R. V 119.

si enn la ho minke, — og når vi dessuta tenker på at striden om herreretten over den norske jorda stod aller hardest i 16de hd.-åre, — så skjønner vi lett kor mykje det måtte ha å seie for böndene at dei nett på den tida fekk ei tilførsel av sjölveigande gardamenner av adels-ætt. Frå alle kantar av lande hører vi om at det var odelsböndene som var dei naturlege förarane kvar i si bygd, og vi torer nokk rekne med at dei som visste seg i skyld med gamal adel, heldt enda seigare enn andre fast på odelsrett og sjölvstende. Dei vilde ikkje la seg kue av framande futar.

At desse adelsmennene som vart til bönder, i sanning hjelpte til å egge fram ny oppdrift i det norske bondesamfunde, det ser vi kanskje klarast i den oppstiginga som i denne tida gikk for seg frå bondestand til embetsstand. Eg har nyleg peikt på denne merkelege tilgangen i eit foredrag om »Norsk historie i lys frå ættehistoria»<sup>1</sup>. Og eg trur det kan være umaken verdt å sjå enda noko nærare på han.

Den oppstiginga det her er tale om, kom særskilt til å sette merke etter seg i den nye leden av statsstyringa som skipa seg til i 16de hd.-åre, — statskyrka.

Den nye lutherske kyrka kom i fylgje med det danske herrevelde over Noreg, og ho fekk mykje å seie for norsk samfundsliv på ymse område, såleis for bondestande òg. For so vidt kan ein seie at nett med kyrka til reidskap fekk unionen med Danmark særlege fylgjer for dei norske böndene.

Det er mogleg å ha ulike meiningar om den lutherske reformasjonen hadde vunne fram i Noreg så framt ikkje lande hadde vorte lagt under dansk styring; indre førebuing til Reformasjonen i lande sjölv veit vi mest ikkje om, og reint faktisk var det med dansk makt at han vart ført igjennom i Noreg. Svært store skifte kunde han ikkje kome til å gjere i det norske bondesamfunde; all norsk historieskriving har med full rett halde fram det grunnhöve at samfundsskikk og rettsliv hos dei norske böndene gikk sin sjölvstendige voksterveg trass i all framandstyring, — dette er

<sup>1</sup> Norsk Slektshist. Tidskr. V, særleg s. 102—03 (1935).



eit hovudvilkår for heile den nyare norske historia. Men det er for mykje sagt om ein vil freiste slå fast at bondesamfunde ikkje tok imot *nokon* påverknad frå Danmark eller det danske styre.

Det er mest sjølvsagt at når den nye statskyrka var ein led i det danske herredöme over lande og innførte dansk mål i all gudstenesta, — og når den same kyrka sia tok all skule-opplæringa i sine hender, like eins berre med dansk mål i skrift og i tale, — så måtte det norske bondemåle kome under ein dansk påverknad som i alle tilfelle var mykje sterkare enn han elles vilde vore. Det er dette vilkåre som har ført med seg at det religiöse målbruke hos dei norske böndene har fått mest rein dansk form. Og det måtte få sitt å seie jamvel for bondestande at det vart sett ein stopp for all bokavl på norsk mål, så böndene t. eks. måtte lese både dei gamle norske kongesogune og gamle kjempeviser på dansk.

Men enda-til i sjölve det økonomiske live hos böndene kom kyrka til å gripe inn på særskild vis ut ifrå danske föresetningar. Eg tenker på den striden som ho førte utigjennom heile 16de hd.-åre imot bondelotten av kyrketienda.

Ein kan nokk seie at denne striden hadde kome i gang alt före den nye kyrkeskipnaden, i katolsk tid, så det var ikkje berre det danske styre som var skuld i han<sup>1</sup>. Vi ser at somme bispar alt i 15de hd.-åre hadde freista på å ta i det minste halvparten av bondelotten til bruk for presteopplæringa i kyrka. Det er eit vitnemål om at den norske kyrka var med i den store reform-rörsla som på den tida var i gang i heile den katolske kyrka og som i ei rekke med land førte fram til det vi særskilt kallar »Reformasjonen». Om ein vil, kan ein difor ta dette med i historia om förebuinga for Reformasjonen i Noreg. Men det var no likevel fyrst med sjölve denne Reformasjonen at striden om bondelotten vart eit brennande spørsmål i lande. Og han vart da teken opp med grunnlag i dansk kyrkeskikk og lov,

---

<sup>1</sup> Sjå boka mi »Norsk bondereising» s. 113—14.

— med det krave at tienda skulde bli skift i berre tre partar, ikkje lenger i fire, såleis at det ikkje lenger skulde bli spørsmål om nokon »bondelott» av ho. Når den nye statsstyringa på andre måtar òg tok til å auke skattetyngslene for dei norske böndene, så var det noko som vel snarast fylgde med heile framvoksteren for statsmakta i denne tida, og ein kan ikkje legge skulda einsidig på det danske herrevelde. Men i striden om bondelotten ser vi at særlege danske maktkrav låg under, og det var da gjennom kyrka at unionen med Danmark la nye tyngsler på dei norske böndene, liksom det var gjennom kyrka at han sette merke på åndslike hos böndene.

Så mykje meir verdt er det da å legge vekt på at i denne nye kyrka fann dei norske böndene ein veg til oppstiging. Det var eit slag revanche dei tok i di at dei trengte seg fram til makt i sjølve kyrka, og det var nett i stor mon dei same ættene som den danske styringa trengte ut or adelen ned i bondestand, som no rykkte in på embetspostane i kyrka, ja som ein kan seie skapte det nye norske prestestande.

Vi har dess verre ikkje så god greie på den norske presteskapen i fyrste hundreåre etter Reformasjonen som vi kunde ynskt oss. Men vi har da fakta nokk til å stadfeste det påstande eg her har sett fram. Eg vil ikkje feste meg noko særskilt ved at dei fyrste lutherske bispane i Bergen og Nidaros, Geble Pederessön og Thorbjörn Bratt, hørte til den norske låg-adelen; det fekk inga konsekvensar, for bispane vart elles regelrett tekne ifrå Danmark til liks med dei övste verdslege styringsmennene. Det var sokneprestane som i store flokkar kom ifrå den norske bondeadelen. Og eg vil da særleg peike på koss det gikk i Nidaros bispedöme; der kjenner vi nokolunde bra til dei prestane som vart kannikar i domkapitle.

Fremste mannen mellom dei tröndske kannikane etter Reformasjonen var magister Henrik Nilsson, uekte född son til Herr Nils Henriksson på Austrått, og han vart hovude for ein heil liten ættering av prestar. Han fekk med seg i domkapitle både ein son og ein verson; ei syster til verson

hans vart gift med kanniken Laurits Nilsson av ei tröndsk lågadels-ætt, og både sönene og versönene til denne herr Laurits var prestar. Til låg-adelen hörte like eins dei tröndske kannikane Sigurd Pedersson i Skogn og Elling Pedersson i Rödöy. Herr Sigurd var av den ætta Holk som hörte heime i Nordfjord og Uttröndelag; to av sönene hans vart kannikar og prestar, og sonsönene vart prestar, dei òg. Det er ei ny preste-ætt vi her möter; men ei anna grein av ætta vart værande bönder. Dei var i skyld med lågadels-ætta Soop frå Sogn, og frå denne ætta kom det like eins kannikar og prestar til Nidaros bispedöme, mea ho elles vart sittande i bondestand i Sogn.

Såleis finn vi i dette bispedöme alt ifrå fyrsten heile ringar av preste-ætter som hörte til norsk låg-adel. Men det er verdt å merke seg at desse adels-ættene er heilt ukjente före det 16de hd.-åre; dei hadde aldri — det vi veit — vore med i noko slag verdsleg styring för, dei var i röynda berre ei overklasse mellom böndene, og dei vart værande bönder samstundes med at dei gav opphav til preste-ætter.

Såpass rike opplysningar som ifrå Nidaros bispedöme har vi ikkje frå dei andre bispedöma i Noreg. Men rundt ikring i lande möter vi da tilhöve av nokolunde same slage. På Toten finn vi i 1554 ein prest av ætta Skaktavl som elles vart bönder på Hedmark; i Gudbrandsdalen samstundes ein sokneprest på Lom av den austlandske ætta Bratt<sup>1</sup>, og der i dalen fekk dei på 1600-tale ei heil preste-ætt Munch som hörte til lågadels-ætta på Blaker på Lom<sup>2</sup>. På Vestlande ser vi at ætta Dal på Fimreite i Sogn kunde gje ein bror til sokneprest i Förde, mea ein annan bror vart sittande bonde på ættegarden<sup>3</sup>. Og Krag'ane på Hornnes i Fana kløyvde seg på 1500-tale i bondeætt og presteætt<sup>4</sup>.

På alle kantar har vi da den same tilgangen: den låg-adelen som ikkje fekk være med i lensstyringa og som vart

<sup>1</sup> Sars, Saml. Værker III s. 203.

<sup>2</sup> S. H. Finna-Grönn i Norsk Slektshist. Tidsskr. I 7—14.

<sup>3</sup> H. Sollied i N. Slektsh. Tidsskr. I 219—20.

<sup>4</sup> D. s. i N. Slektsh. Tidsskr. I 229—30 og II 163.

til det ein vel torer kalle bonde-adel, gav prestar til den nye statskyrka og skapte heile preste-ætter som såleis grunnla eit retteleg prestestand i Noreg. Dermed vart det gjeve vilkår for at dette nye og viktige embetsstande kunde kjenne seg norskt, og vi møter da òg norske kjensler og tankar hos prestar eller prestlærde folk av denne bonde-adelen, slike som Absalon Pedersson Beyer frå Sogn og Peder Clausson Friis frå Vest-Agder. Nett for di bondestande fekk så sterkt eit tilsig frå låg-adelen i Noreg, kunde det hjelpe til å bygge opp ei ny overklasse på heimleg grunn. Og kor mykje så denne overklassa eigna til seg av dansk kulturform, så kunde ho likevel i nokon mon bli ei forsvarsmakt for norske sjølvstende-tradisjonar.

Noko av det same ser vi på eit anna område av embetsstyringa i Noreg, — når det gjeld lagmennene. Dei vart aldri så mykje av eit fast stand som prestane, beint fram vel for di det var så få av dem. Men det var viktig nokk, det som alt Sars har peikt på <sup>1</sup>, at mange av lagmennene på 1500-tale vart tekne or den norske låg-adelen. Han nemner frå siste halvta av dette hd.-åra sju lagmennar av ættene Green, Benkestok, Hartgenger, Haar, Theiste og Gyldensö, og enda er lista hans slett ikkje heil. Desse lagmennene sysla ikkje berre med nasjonal lov og rett, men dyrka dessuta den gamle norske historia, såleis at dei òg, på meir enn ein måte, heldt nasjonale tradisjonar ved lag.

Alt dette bær da vitne om korleis det norske bondestande i unionstida ikkje berre verna om sine egne rettar i samfunde, men dessuta gav kraft til andre samfundsklasser. Og dette kom i tilbakeverknad frå den nedstøyten som unionen med Danmark gav den norske adelen. Det fortel da ikkje så lite om den indre motstandsmakta i det norske samfunde, og hjelper til å forklare nyreisinga i norsk historie. Det er den gamle lova om aksjon og reaksjon som vi her finn eit særmerkt døme på.

Men kanskje vi torer sette desse tilhöva inn i ein enda

---

<sup>1</sup> Saml. Værker III 202.

vidare samanheng. Dei omskiftingane mellom adels- og bondestand, den bylgjegangen med oppstiging og nedfall som vi her har mött, er vel i grunnen ein ålmenn tilgang som enda kan trenge til nærare utgransking. Det er rett nokk så at grunntanken i all historie er å skildre vokster, omlaging, rørsle. Men når vi har vilja granske eit samfund i eldre eller nyare tid, har vi altfor titt kome til å spørje etter tilstand, etter faste tilhöve mellom særskilde samfundsklasser, og ikkje etter dei stendige overgangane. Vi har lett kome til å sjå statisk på samfunde i staden for dynamisk. Og likevel må vi nokk sanne — eg trur det gjeld ikkje berre i norsk historie, men i anna historie òg, særleg da i den norderlendske historia — at jamvel slik ei klasse som adelen som alltid har eit drag til å grense seg av, jamt har vore i rørsle opp og ned. I vissa i heile den norske adelshistoria kan vi sjå koss nye folk ifrå bondestande stendig stig opp og tek rom innafor adelen, og ein heilt ny adel kan skipe seg på dette bonde-grunnlage. Så lenge dette gikk for seg fritt og uhemma, kunde adelen halde seg frisk og sterk. Det var da han for alvor sette makt på å stenge seg av for slikt nytt tilskot, at han sjukna bort og måtte söke ny styrke utalands, — det var dette som førte fram til dei skandinaviske unionane. Men så kunde bondestande ta opp i seg dem som på den måten ikkje slapp fram til adelsstand, og oppdrifta vendte seg da imot embetsstande. Såleis er det alltid rørsle i det samfunde som i sanning lever. Når det ikkje lenger går ein frisk straum att og fram mellom samfundsklassene, da er det slutt på live i dette samfunde.

*Halvdan Koht.*